



Eirik Søfteland
Storestraumen 189
5212 SØFTELAND

Dato: 15.03.2017
Vår ref.: 2016/9494-34
Saksbehandlar: maraskv
Dykkar ref.:

Unnateke offentleggjering OFFL § 23, 1. ledd

Kontrakt for oppdrag - enkeltpersonføretak

Denne kontrakten er inngått mellom Hordaland fylkeskommune (HFK) og enkeltpersonføretaket (org nr. 995 561 530), EIRIK SØFTELAND (heretter kalla Utøvar).

Kontrakten gjeld oppdrag i ein avgrensa periode.

1. OPPDRAGET GJELD

Utøvar som sjølvstendig oppdragstakar vert med dette engasjert av HFK til å medverke i workshop (heretter kalla Produksjon) for scenedeltakarar til UKM-festivalen i Hordaland 2017.

Oppdraget omfattar 1 dag. Dato: 28.april 2017.

Medverkande i Produksjonen er: **Eirik Søfteland**

2. FORDELING AV OPPGÅVER OG ANSVAR

HFK sine oppgåver og ansvar:

- Sende ut skildring av Produksjonen til deltakarar og deira lokalkontaktar for UKM og leggje denne ut på nettsida www.ukm.no/hordaland.
- Ordne med lokale til Produksjonen.

Utøvar sine oppgåver og ansvar:

- Sende inn skildring av Produksjonen til fylkeskontakten.
- Utøvar skal medverke i Produksjonen ved gjennomføring.

Det er ikkje obligatorisk for scenedeltakarane å delta i denne workshop. Men deltakarane må melde seg på workshop i forkant og HFK vil difor kunne gi eit estimert tal på kor mange deltakarar som vil kome for å delta på Produksjonen.

3. HONORAR (VEDERLAG/UTGIFTSDEKNING)

3.1 Produksjon

Honorar er 3 718 kroner per dag.

ES

Det er avtalt at utøvar vert honorert med 566 kroner per time med å førebu og ferdigstille Produksjon og at dette vil gjelde for 2 timer. Totalkostnad for dette vert 1 132 kroner.

Til saman vil honorar til Utøvar vere 4 850 kroner.

I tillegg til honorar vert lokale reise- og opphaldsutgifter dekt av HFK etter statens reiseregulativ.

Utbetaling skjer etter 2.mai, og når HFK har motteke faktura med spesifisert reiserekning som vedlegg. Faktura må sendast innan **fire veker** etter 2.mai. Fakturaen må vere nummerert og datert.

Det vert ikkje betalt feriepengar, løn under sjukdom eller andre tillegg til honoraret.

4. SKADEANSVAR, FORSIKRING

Utøvar er ikkje tilsett som lønsmottakar i HFK og vert ikkje omfatta av dei forsikringsordningar som gjeld for tilsette i HFK.

5. SJUKDOM

Sjukdom hos Utøvar som oppstår før og/eller under oppdraget vert å melde til HFK omgåande sjølv om kontraktperioden ikkje har starta.

6. AVLYSING

Både oppdragsgivar og den medverkande plikter å gjere det mogleg for at oppdraget vert gjennomført.

Dersom Produksjonen må avlysast på grunn av fråfall frå ein eller fleire medverkande, for eksempel ved sjukdom eller andre uførutsette grunner, kan oppdragsgivar seie opp heile eller deler av avtalen med 14 dagars frist rekna frå den dagen oppseiinga er komet oppdragstakaren i hende.

Kontrakten er sendt ut i to eksemplar. Kontraktspart signerer og sender eitt eksemplar i retur til:

Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, UKM Hordaland v/ Marianne Ose Askvik, Postboks 7900, 5020 Bergen

Stad/dato:

Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga

.....
Ronny B. Skaar
utviklingssjef/seksjonsleiar

Stad/dato..... *Os, 06/04-17*
(kontraktspart)

.....
Eirik Søfteland

Fakturaadresse:
Hordaland fylkeskommune
Kultur- og idrettsavdelinga
UKM Hordaland v/ Marianne Ose Askvik
Postboks 7900
5020 Bergen

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

1 Kontrakt for oppdrag - enkeltpersonføretak